



REFERAT TIL RÅDSMØTE 2 I RYFYLKERÅDET

Tidspunkt: 17:00 -19:30, onsdag 12. april 2023

Stad: Lilland Hotell, Bergtunv. 10, 4120 Tau

Deltakarar:

Rådmann Hjelmeland: Wictor Juul
Ordførar Sauda: Asbjørn Birkeland
Kommunedirektør Sauda: Vegard Thise
Ordførar Suldal: Gerd Helen Bø
Fung. ordførar Strand: Bjørn Aril Veland

Styreleiar Ryfylke IKS: Kristoffer Amdal
Dagleg leiar Ryfylke IKS: Øyvind R. Lundbakk

Forfall:

Ordførar Hjelmeland: Anita Husøy Riskedal
Kommunedirektør Suldal: Karin Dokken Austvik
Konst. kommunedirektør Strand: Mette Barkved Hansen
Ordførar Sandnes: Stanley Wirak
Kommunedirektør Sandnes: Bodil Sivertsen

I tillegg møtte desse:

Tore Andreas Haaland
Arin Eirikssønn
Torfinn Opheim
Einar Schibeavaag
Nina Fjellskaalsnes
Ketil Barkved
Reidun Sandvik

Sak 11/2023: Godkjenning av innkalling, sakliste, referat frå møtet 08.02.23 og meldingar

Vedtak:

Rådet godkjenner innkalling, sakliste, referat frå møtet 08.02.23 og meldingar.

Sak 12/23: Ungdomsutvalet – ungdomsstyre for regionen

Vedtak:

Ryfylkerådet ber administrasjonen leggje fram ei sak med målsetting om å etablera eit ungdomsstyre for Ryfylke.



Det må utarbeidast vedtekter og definerast arbeidsoppgåver for styret. Styret får ei samansetting på ti, med to frå kvar kommune.

- Ein representant frå kommunen sitt ungdomsråd
- Ein representant som er mellom 20 og 25 år

Målet er at ungdomsstyret i Ryfylke kan starte sitt arbeid før jul-23.

Sak 13/23: Kommunikasjonsstrategi Ryfylke IKS

Vedtak:

Rådet ber administrasjonen arbeida vidare med framlegg til kommunikasjonsstrategi for organisasjonen og Ryfylke.

Aktuelle parter blir involvert i arbeidet, økonomiske konsekvensar og ein handlingsplan blir lagt fram for rådet.

Parallelt blir nettsida ryfylke.no revitalisert, slik at den er i tråd med dei krav som blir sett til eit interkommunalt selskap.

Sak 14/23: Ryfylketing 2023

Vedtak:

Det blir arbeidd vidare med programmet for Ryfylketinget, og eit konkretisert innhald blir lagt fram for rådet over sommaren.

Det blir sendt ut informasjon til kommunane om tid og stad (Sand, 09.-10. november 2023).

Sak 15/23: Rekneskapsrapport 2022

Vedtak:

Rådet tar rekneskapsrapporten til orientering.

Sak 16/23: Eventuelt

Orienteringssaker:

- Helge Kjellevold orienterte om arbeidet til Lysefjorden Utvikling og Stiftelsen Preikestolen.
- Ketil Barkved orienterte om Regionalplan for grønn industri.

Vedtak:

Rådet tar orienteringssakene til vitande.